

ÅRSMELDING FOR KVITSEID KOMMUNE 2007

Innholdsliste:

1.	Innleiing	2
2.	Nokre kjenneteikn og utviklingstrekk.....	2
2.1	Innbyggjarar	2
2.2	Sjukefråvær	3
2.3	Likestilling	3
3.	Nokre einskildpunkt frå 2007	3
3.1	Talet på saker i ulike organ	3
3.2	Nokre hovudpunkt for 2007	3
4.	Rekneskapen og den økonomiske situasjonen	5
4.1	Dei generelle inntektene	5
4.2	Litt generelt om driftsutgiftene	5
4.3	Dei sektoruavhengige utgiftene	6
4.4	Sektor for oppvekst og omsorg	6
4.5	Sektor for service og utvikling.....	7
5.	Investeringsrekneskapen	8
6.	Nokre økonomiske nøkkeltall	8
6.1	Brutto driftsresultatet	8
6.2	Netto driftsresultat	8
6.3	Fondsbeholdninga	9
6.4	Likviditet.....	10
6.5	Gjeld.....	11
7.	Næringsfondet.....	11


1. Innleiing

Årsmeldinga for 2007 er laga etter same lest som i fjor. Målgruppa er ”intern”, dvs politikarane og dei tilsette.

2. Nokre kjenneteikn og utviklingstrekk

2.1 Innbyggjarar

Fig 1 syner talet på innbyggjarar 1. januar i perioden 1986 til 2008.



Tilbakegangen i denne perioden utgjer i alt 393 personar eller vel 13 %. Frå 1.1 2007 til 1.1 2008 gjekk folketalet opp frå 2542 til 2 563, dvs 21 personar eller 0,9%. Dette er gledelig og gjev håp for framtida.

Folketalet går opp som fylgje av netto innflytting. I 2007 var det 138 personar flytte inn og 107 flytte ut.

Nissedal, Fyresdal og Kviteseid var dei einaste kommunane som hadde folketalsauke i 2007 i Vest-Telemark

Tabell 1 syner folketalet inndelt i ulike aldersgrupper pr. 1.1.2008. Dei er samanstilte med prosentfordelinga i heile landet.

Tal 1.1.08	Andel av total i Kviteseid	Andel av total i landet
Innb. 0-5 år	146	5,7 %
Innb. 6-15 år	305	11,9 %
Innb. 16-66 år	1 647	64,3 %
Innb. 67-79 år	288	11,2 %
Innb. 80-89 år	147	5,7 %
Innb. o/90 år	30	1,2 %
Totalt	2 563	100,00 %

2.2 Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet (dvs legemeldt + eigenmeldingar) i Kviteseid kommune var i 2007 5,95% medan det var 4,7 % i 2006. Fråværet gjekk med andre ord opp med vel 26,5%.

Eit anna uttrykk for at sjukefråværet er høgare, er at utbetalt sjukelønsrefusjon frå folketrygda er gått opp kr. 100.000,-.

Det er langtidsfråværet som bidreg tyngst til fråværestalet. Korttidsfråværet, d.v.s. fråvær under 16 dagar ligg, på 0,58 % totalt.

Kommunen har vore IA-bedrift. (IA=Inkluderande arbeidsliv) sidan 2004 med mål om å få ned sjukefråværet. Arbeidet med oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar er no satt i system mellom anna med kursing. Det er og regelmessige møte mellom trygdekontoret, Arbeidslivssenteret i Telemark, administrasjonen og ein representant for dei tilsette.

2.3 Likestilling

I Kviteseid kommune er funksjonen som likestillingsutval lagt til administrasjonsutvalet. Ved val til politiske utval fylgjer vi kravet og 40 % kvinnerepresentasjon.

I tilsettingsaker fylgjer vi, så langt det er mogeleg, reglane i HTA kap. 1 § 2.2

3. Nokre einskildpunkt frå 2007

3.1 Talet på saker i ulike organ

Utviklinga i talet på saker i dei ulike kommunale organa er denne:

	2007	2006	2005
Kommunestyret	66	46	46
Formannskapet	69	67	84
FSK som planutval	63	61	57
Administrasjonsutvalet	1	2	3
Arbeidsmiljøutvalet	5	4	8
Styret for service og utvikling	47	68	69
Fullmaktssaker	45	53	31
Styret for oppvekst og omsorg	10	25	18

3.2 Nokre hovudpunkt for 2007

Denne årsmeldinga legg liten vekt på ei omtale av verksemda i året som gjekk. Det er likevel verd å merke seg mange positive hendingar:

- Kviteseid kommune kom i juni ut av ROBEK-registeret etter fleire år med tunge innsparingar.

- Kommunen har gjeve over til elektronisk arkivsystem (Ephorte) frå 1.november.
- Landbruksplan Nissedal ferdig i 2007
- Landbrukskontoret har vore med i arbeidsgruppe for Landbruksplan for Vest-Telemark
- Det har blitt fleire brukarar av heimesjukepleia.
- Kjøpt utstyr som som t.d. fjernsyn og DVD-spelar til bruk i internundervisning i heimesjukepleia.
- Kviteseid skule er modellskule i Telemark kva gjeld "Fysisk aktivitet og måltid i skulen" saman med to andre skular. Skulen har fått kr. 50.000,- frå fylket til vidare arbeid med "Helsefremmande skular".Elevane får gratis frukost to dagar i veka, dei får kjøpe baguette to dagar i veka og foreldregruppa for 9.klasse steller til kantine med pizza-sal kvar fredag. Framleis driv 1. og 2.klasse sitt nynorsk-prosjekt med støtte frå Nynorsksenteret i Volda. Dette går mykje på Arne Trageton sitt prosjekt med verkstadpedagogikk: "Å skrive seg til lesing på pc". Kviteseid skule har gratis frukt og grønt kvar dag.
- Strategisk næringsplan (SNP) for Kviteseid kommune 2007-2010 vart vedtatt i kommunestyret 25. januar 2007.
SNP 2007-2010 er den tredje næringsplanen som er utarbeidd for Kviteseid kommune. Planen skal vera eit styringsverktøy for dei næringsprioriteringar som Kviteseid kommune gjer i denne perioden.
- Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv 2007-2010 vart vedtatt i kommunestyret 25. januar 2007. Kommunedelplanen skal vera: 1) Grunnlag for Kviteseid kommune sitt arbeid innan anleggsutvikling på området idrett og fysisk aktivitet, 2) Styringsdokument for kommunen, men også for lag og foreiningar i Kviteseid kommune, og 3) Grunnlag for søknader om statlege spelemidlar.
- Kviteseid kommune fekk invitasjon av Borgestadklinikken til å søkje dei om hjelp i arbeidet med å utarbeide ein rusmiddelpolitisk handlingsplan. Kviteseid kommune, som einaste kommune i Telemark, inngikk ei samarbeidsavtale med Borgestadklinikken. Kviteseid kommune måtte stille med ein koordinator i 20% stilling og ein arbeidsgruppe. Borgestadklinikken ville dekke 10% av lønskostnadene til kommunens koordinator f.o.m. 01.03.07 t.o.m. 31.12.07. I ettertid fekk kommunen melding om at Borgestadklinikken ville dekke koordinator løn i 20% stilling og at Kviteseid kommune får kr. 150.000,- til tiltak i planen for 2008. Arbeidsgruppa består av sosialsjef Bjørn Johansson, Jonn Foldøy og sektorleiar Anne Aasmundtveit som koordinator.
- Kulturskulen hadde ei auke i talet på elevar frå 53 til 68 elevar. Kulturskulen arrangerte ulike kurs innan dans, teikning og foto. Alle kursa var fulle.
- Kviteseid kommune oppnådde full barnehagedekning etter regjeringa sin definisjon i hovudopptaket til barnehagane.
- Barnehagane har jobba meir målretta med språkstimulering.
- Det vart tilsett ein spesialpedagog i 60% stilling som fyrst og fremst skal jobbe med barn med trong for spesielle tiltak i barnehagane.
- Styrar og pedagogiske leiarar har fått berbare datamaskiner for å styrke det pedagogiske arbeidet i barnehagane. I tillegg vart det kjøpt inn berbare datamaskiner til spesialpedagogen og støttepedagogen.
- Det vart jobba vidare med Kunnskapsløftet og ny læreplan i skulen. M.a. har det vore lærarkurs om den fyrste leseopplæringa.
- Biblioteket har hatt eit godt samarbeid med lag og organisasjonar i kommunen som gjer at lokala er mykje brukt som møte – studie- og kursstad på kveldstid. Dette er med på å marknadsføre biblioteket på ein god måte. Biblioteket og skulen har samarbeida om biblioteksutvikling i skulen. Dette arbeidet vert knytt til skulebiblioteket og vidareført i 2008
- Brunkeberg oppvekstsenter har kome med i prosjektet lærande nettverk i regi av Høgskulen i Telemark(dataprojekt).
- Skulane har fått meir og betre datautstyr.
- På KOS var det stort sett fullt gjennom året.
- Kviteseid kommune vart godkjend som vertskommune for turnuslege, og hadde turnuskandidat på legekantoret frå hausten.

- Teknisk har gjennomført ENØK-prosjekt på Kviteseid Omsorgssenter, Kviteseid barnehage, Kviteseid barneskule og Idrettshallen.

4. Rekneskapen og den økonomiske situasjonen

I dette kapitlet blir det kort gjort greie for hovudtrekk i rekneskapen.

Kommunerekneskapen for 2007 syner eit godt resultat. Det var opphavleg budsjettert med eit netto driftsresultat korrigert for momskompensasjon frå investeringar (som etter vår økonomiplan skal førast over som eigenkapital i investeringane) var på 6,1% eller 8,6 mill kr. Resultatet blei 10,6% og 15,5 mill kr, målt på denne måten. Men utover budsjettert avsetning til disposisjonsfond, og avsetning til investeringsprosjekt inneber rekneskapen eit driftsoverskot på ca 5,7 mill kr.

4.1 Dei generelle inntektene

Dei generelle nettoinntektene blei i den opphavlege budsjetthandsaminga sett til 100,2 mill kr. Dei blei dei justert opp att til 100,4 i haust. Det endelege resultatet blei 104,8 mill kr. Det positive avviket skuldast i korte trekk:

- Skatteinngangen blei ca 13,4 mill kr høgare enn budsjettert. Skatteveksten (eksklusive selskapsskatt) frå 2006 til 2007 var i Kviteseid 31,2 %. Skatt (inklusive selskapsskatt) per innbyggjar utgjorde 107,4 % av landsgjennomsnittet i 2007, samanlikna med 85,1% i 2006.
- Rammetilskotet blei lågare enn budsjettert pga. den høge skatteinngangen i Kviteseid ga eit inntektsutjamnande tilskot som er 9,0 mill kr lågare enn det budsjetterte.

Renteinntektene blei ca 0,4 mill høgare enn budsjettert. Samla var det derfor 4,7 mill kr meir til disposisjon for drift. (Jf Skjema 1A i vårt budsjettoppsett.)

Oversikten og kunnskapen om samanhengar mellom dei ulike elementa i dei generelle inntektene er nå god.

4.2 Litt generelt om driftsutgiftene

Dei samla driftsutgiftene (Skjema 1B) var budsjettert til 85,9 mill kr netto, medan resultatet samla blei 84,8 mill kr. Det er lenge sidan at rekneskapen har ligge på plussida fleire år på rad. Generelt skuldast det samla gode resultatet:

- At budsjettet for 2007 var eit reelt budsjett
- God gjennomgåande budsjett disiplin
- At vi i 2007 har vore skåna for svært uheldige hendingar.

Resultatet for kvar eining er synt i denne tabellen (i 1000 kr).

Driftsoversyn per eining	Utgifts- budsjett	Netto- budsjett	Over(-) /under(+) sk ot	Res i %	Res i %
				av utgifter	av netto
				-39,65	-66,39
				%	%
Politisk verksemd	3 397	2 029	-1 357		
Rådmannen	1 771	1 707	-62	-3,50 %	-3,63 %
Økonomi og fellesutgifter	8 154	6 393	317	3,89 %	4,96 %
Sektorleiing oppvekst og omsorg	971	969	31	3,19 %	3,20 %
Kviteseid omsorgssenter	13 411	10 071	-345	-2,57 %	-3,43 %
Heimetenestene	9 818	9 098	272	2,77 %	2,99 %

Kjøkken	2 494	1 719	42	1,68 %	2,44 %
Funksjonshemma	8 204	7 618	-11	-0,13 %	-0,14 %
Helse	9 434	5 069	12	0,13 %	0,24 %
					-11,16
Anna undervisning	5 471	3 655	-408	-7,46 %	%
Kviteseid skule	14 645	14 005	269	1,84 %	1,92 %
Fjågesund skule	448	437	0	0,00 %	0,00 %
Straumsnes oppvekstsenter	4 414	3 298	1	0,02 %	0,03 %
Kviteseid barnehage	3 756	3162	18	0,43 %	0,51 %
Brunkeberg oppvekstsenter	5 011	2 415	18	0,36 %	0,75 %
Næring, kultur og leiding	4 559	3 005	-149	-3,27 %	-4,96 %
Sosiale tenester	6 232	5 818	-506	-8,12 %	-8,70 %
Landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal	1 587	878	-52	-3,28 %	-5,92 %
Teknisk, brannvern og eigedomsforvaltning	23 102	5 643	851	3,68 %	15,08 %
TOTALT	126 877	85 893	-1 060	-0,86 %	-1,25 %

I avsnitta 4.3, 4.4. og 4.5 er det gjevne korte kommentarar.

4.3 Dei sektoruavhengige utgiftene

Dei budsjetterte nettoutgifter var på 11,2 millionar kroner medan resultatet blei på 10,1 mill kr.

Eininga politisk verksemd syner eit overskot 1 347 000 kr, noko som primært skuldast at bufferen ikkje var disponerte med kr 1 268 138.

Eininga rådmannen syner eit overskot på 62 000 kr. Innsparinga skuldast at Kviteseid kommune ikkje fekk lærling.

Eininga økonomi og fellesutgifter har eit underskot på 317 000 kr. Dette skuldast i høg grad lågare momskompensasjon frå investeringsrekneskapet med kr. 333 000. Drifta har gjenge med overskot i 2007.

4.4 Sektor for oppvekst og omsorg

Det var budsjettert med 59,3 mill kr. i netto utgifter, medan resultatet blei 59,2 mill kr.

Eininga sektorleing oppvekst og omsorg har 31 000 kr. i underskot. Underskotet skuldast høgare lønsutgifter enn budsjettera grunna ekstra innleige av ped.konsulent i samband med planarbeid

Kviteseid omsorgssenter har eit overskot på 345 000 kr. Inntekt frå brukarbetaling var 237 000 kr høgare enn budsjettert. Drifta elles har innsparing på fleire postar.

Heimetenestene har eit underskot på 272 000 kr. Underskotet skuldast i hovudsak høgare utgifter enn budsjettert på overtidsbruk 208 000.

Kjøkkenet har eit underskot på 42 000 kr. Underskotet skuldast i hovudsak høgare utgifter på kjøp av matvarer. Salet har vore som budsjettert.

Funksjonshemma har eit overskot på 11 000 kr. Det flytta inn ein ny brukar 1.juli 2007 som hadde stort bistandsbehov. Dette vart finansiert ved å nytte ein del av budsjettet til støttekontaktar.

Helse har eit underskot på 12 000 kr. Legekontoret gjeikk med eit underskot på 110 000 kr. Dette skuldast at inntekt frå brukarbetaling har svikta i 2007. Dei andre har gjenge med overskot.

Annan undervisning har eit overskot på 408 000 kr. Herav utgjer Krodokk kr 113 000 kr. Grunnen til dette resultatet skuldast fyrst og fremst to ting: Overskot på lønsbudsjettet med ca kr. 42 000,-. Og overskot på Skyss Krodokk dagsenter ca kr. 60 000,-. Resten skuldast økonomisk styring. Drifta elles har gjenge med overskot.

Kviteseid skule har eit samla underskot på 269 000 kr. Dette skuldast høgare utgifter til vikar.

Fjågesund skule har gjenge i balanse i 2007.

Straumsnes oppvekstsenter har eit underskot på 1 000 kr. Drifta har gjenge som normalt.

Kviteseid barnehage har eit underskot på 18 000 kr. Årsaka til dette er at inntektene har vore mindre enn budsjettet.

Brunkeberg oppvekstsenter har eit underskot på 18 000 kr. Drifta har gjenge som normalt.

4.5 Sektor for service og utvikling

Det var budsjettet med netto driftsutgifter på 15,3 mill kr noko som og rekneskapen samla viser 15,4.

Næring, kultur og leiing har eit overskot på kr. 249.000,-. Dette skuldast ei innsparing på Kulturskulen på kr. 99.000,-. Kulturskulen hadde fleire elevar enn budsjettet, dette utgjorde ei meirinntekt på kr 61.000,-. Elles hadde biblioteket ei innsparing på kr. 25.000,-. Drifta elles hadde innsparing på fleire ansvar.

Sosiale tenester har eit overskot på 506 000. Sjølv om det vart utbetalt kr. 164.000,- meir i sosial stønad enn budsjettet, vart det eit overskot for denne eininga. Vidare var det ei innsparing på barneverntiltak i familien på kr. 226.000,-, og ei innsparing på barneverntiltak utanom familien på kr. 131.000,-. Omsorgsløn og støttekontakt hadde også ei innsparing i forhold til budsjettet.

Landbrukskontoret for Kviteseid og Nissedal har eit overskot på kr. 52.000,-. Skuldast mindre forbruk og økonomistyring.

Teknisk, brannvern og eigedomsforvaltning har eit formelt underskot på kr. 851.000,- Reinhold bidreg i positiv retning med vel 0,12 mill kr. Drifta elles har gjenge bra. I negativ lei trekkjer:

- Endring av rekneskapsprinsipp i 2007 når det gjeld straum, der 5 kvartal blei belasta i 2007 mot 4 kvartal i 2006. Dette førte til ein auke på 0,5 mill kr jfr note 12 i rekneskapen
- Bruk av sjølvkostfond vatn med 0,3 mill kr pga at kalkulasjonsrenta var lågare enn budsjettera, feil i budsjettet og lågare utgifter enn budsjettera.
- Brann med snaut 0,15 mill kr som fylgje av driftsutgifter og underbudsjetterte godtgjeringsordningar.

5. Investeringsrekneskapen

Hovudtrekka i investeringsrekneskapen er forklara i avsnittet under.

Budsjettet for 2007 la opp til investeringar på 13,0 mill kr, medan rekneskapen visar investeringar på 7,1 mill kr. Prosjektnummer 111,214,216, 501, 519, 521 blei avslutta i 2007. Dei prosjekta som blir vidareført i 2008 ligger i note 10 i rekneskapen. Når det gjeld overføring frå driftsrekneskapen, så er dette som budsjettet, men bak tala viser det seg at det er overskriding på nokre prosjekt som er avslutta i 2007. Dette medfører at vi må finne ny finansiering i 2008 på prosjekta som er vidareført med ca kr 200 000. Dette vil komme opp i eiga sak i samband med rekneskapsbehandlinga.

Me har i 2007 fått ekstraordinært utbytte i frå Vest-Telemark Kraftlag på 28,5 mill kr og disse blitt lånt ut igjen til dei knytta til 6M NIBOR pluss 1% med halvårlege renteterminar.

6. Nokre økonomiske nøkkeltall

6.1 Brutto driftsresultatet

Brutto driftsresultatet fortel kor stor del av driftsinntektene som er att til å dekkje utgifter til renter og avdrag, fondsavsetningar og til finansiering av investeringar, etter at dei ordinære driftsutgiftene og avskrivningane er dekt.

	Rekneskap 2007	Rekneskap 2006	Rekneskap 2005	Rekneskap 2004	Rekneskap 2003
Driftsinntekter	146 797	142 956	129 011	124 573	122 489
Brutto driftsresultat	15 605	12 740	5 815	2 582	2 021
BDR i % av inntekter	10,63 %	8,91 %	4,80 %	2,10 %	1,70 %
BDR landsgjennom- snitt		4,20 %	2,00 %	0,90 %	-0,70 %

Brutto driftsresultatet har vist ein svært god utvikling sidan 2003 og i forhold til landet for øvrig ligg me godt over.

6.2 Netto driftsresultat


Netto driftsresultatet er likevel den beste måten å måle tilstanden i kommuneøkonomien på, og gjev det eigentlege over-/underskotet av drifta. Netto driftsresultatet fortel kva som er att til investeringar og avsetningar etter at dei ordinære driftsutgiftene, renter og avdrag på lån er dekt, og seier noko om kommunen si evne til å gjennomføre investeringar og nye driftstiltak. Netto driftsresultat er det same som resultat før årsoppgjersdisposisjonar i private bedrifter.

	2007	2006	2005	2004	2003
Driftsinntekter	146 797	142 956	129 011	124 573	122 489
Netto driftsresultat	16 036	11 726	6 184	2 572	-712
NDR i % av driftsinntektene	10,93 %	8,20 %	4,80 %	2,10 %	-0,60 %
NDR landsgjennomsnitt		5,60 %	3,50 %	1,90 %	0,50 %

Netto driftsresultatet for 2007 – 16,0 millionar kroner eller 10,9% av driftsinntektene – utgjør er ein stor auke, og i forhold til landet for øvrig ligg me godt over.

Det nominelle driftsresultatet, slik det kjem fram over er påverka av investeringsnivået, ettersom momskompensasjon i investeringar blir ført som driftsinntekt. Som mål i vår eigen økonomiske plan har vi derfor halde denne utanom når vi har som mål å ha eit korrigert netto driftsresultat på 3%. I løpet av nokre år så vil all momskompensasjon i frå investeringsrekneskapet bli inntektsført der.

Figuren under syner utviklinga over tid når vi trekker ut momskompensasjonen.



6.3 Fondsbeholdninga

Kommunane sine fond vert delt i fire hovudgrupper.

1. Disposisjonsfond som kan nyttast til alle føremål.
2. Bundne driftsfond som berre kan brukast til øyremerkte føremål på driftssida.
3. Ubundne investeringsfond som kan nyttast fritt, men berre til investeringar.
4. Bundne investeringsfond som berre kan brukast til bestemte investeringar.

For Kviteseid er stoda ved utløpet av året:

	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001
Disposisjonsfond	8 848	1 916	0	0	0	0	94
Bundne driftsfond	12 021	10 499	9 348	7 217	6 238	5 709	6 561
Ubundne investeringsfond	2 748	4 420	6 870	7 989	8 850	8 899	8 473
Bundne investeringsfond	150		84	2 748	2 608	2 174	1 982
Sum fond	23 767	16 835	16 302	17 954	17 696	16 782	17 110


Fondsbeholdninga aukar noko frå 2006 til 2007. Svært mykje av fonda er bunde opp egne føremål. Dei to største fonda er disposisjonsfondet med ca 8,8 mill kr og næringsfondet sin grunnkapital på 4 mill kr. Kviteseid kommune bør ha 10-15 millionar kroner på disposisjonsfond for å vere ein sunn kommune og møte utfordringene i åra framover.

6.4 Likviditet

Likviditeten fortel noko om kommunane sin evne til å svare for sine økonomiske forpliktingar. Det er ikkje noko mål i seg sjølv å ha så god likviditet som mogleg, men å ha tilstrekkeleg likviditet til å fange opp differansen mellom utbetalingar og innbetalingar. Målet er – i fyrste omgang - at den i alle fall ikkje skal vere negativ.

	2007	2006	2005	2004	2003
Sum omløpsmidlar	56 094	35 548	41 592	27 515	26 245
Ubrukte lånemidlar	91	1 721	11 124	-341	864
Inv.fond og bundne driftsfond	14 919	14 919	16 302	17 954	17 697
Netto omløpsmidlar drift	41 084	18 915	14 166	9 903	7 684
Kortsiktig gjeld	27 357	15 335	18 742	17 582	16 700
Arbeidskapitalens driftsdel	13 727	3 580	-4 576	-7 679	-9 016
Arbeidskap. driftsdel i % av driftsinntekter	9,36%	2,50 %	-3,5 %	-6,1 %	-7,3 %

Likviditeten, målt med arbeidskapitalen sin driftsdel, blei forbetra gjennom 2006 og heldt fram gjennom 2007. Nå er vi på det nivået som det er ynskjeleg å vere på. Utviklinga over tid i fonds og arbeidskapitalen sin driftsdel går fram av denne figuren:



6.5 Gjeld

Utviklinga i langsiktig gjeld er vist i denne tabellen:

	2007	2006	2005
Pensjonsgjeld 1)	156 087	144 455	133 024
Langsiktige lånegjeld	96 342	100 140	103 002
Total gjeld	252 429	244 595	236 026
Total gjeld per innbyggjar	98 490	94 988	90 849
Lånegjeld per innbyggjar	37 589	39 472	39 647

1) *Pensjonsgjeld er eit forholdsvis nytt omgrep. Det har ein motpost i inneståande i KLP. Utviklinga er likevel ein god illustrasjon på kvifor dei årlege pensjonskostnadene på budsjettet stig*

Den totale gjelda på kr 98 490 per innbyggjar er høg. Pensjonsgjelda for Kviteseid pr innbyggjar er kr 60 901 ved utgangen av 2006, medan landsnittet var kr 44 135.

7. Næringsfondet

Det blei utarbeidd nye vedtekter for næringsfondet i 2004. I 2005 er det utarbeidd nærmare utfyllande retningslinjer.

Denne tabellen syner tilgang og bruk av næringsfondet i 2007:

TABELL 5: NÆRINGSFONDET (1 000 kr)	Rekneskap	Revidert	Rekneskap
	2006	2007	2007
Konsesjonsavgifter	-1 178	-1 178	-1 178
Eingongs etterbetaling Arendalsvassdraget		0	
Renter etterbetaling		0	0
Sal av konsesjonskraft	-617	-705	-1 212
Renteinntekter grunnkapital	-131	-100	-205
Tilbakeført frå Kviteseid vekst			
Overført frå drift		-200	-1 200
SUM ÅRETS INNTEKTER	-1 926	-2 183	-3 795
<u>B BRUK AV FONDET</u>			
Renter forskottering konsavg.	20	0	10
Avsett til grunnfond			
Sektorleiar (ansvar 4301)	275	275	275
Reiseutgifter	15	15	15
Sum eigen verksemd, ansvar 4301	310	290	300
Telemarksvegen	25	25	25
Til tiltaksnemndas disposisjon	5	10	3
Profilering	7	25	15
Interkommunalt næringsfond	90	90	90
Kanalbåten	110	150	170
Vrådal turistservice	250	250	250
Vrådal Triangel			
Prosjekt i Vrådal, men etter særskilt vedtak			
Morgedalsprosjektet		75	75
Norsk skieventyr, gasseld			10
Faste beløp med forplikting	487	625	638
Kanalbåt fylkeskommunen	50		
Kviteseidmarken	5		10
Oppstarttilskot/handslag	15		25
Viser ved kanalen			15
Pilgrimsvegen			10
Annonse			5
Brosjyre Telemarksreiser budsjettåret	75	75	75
Nordic walking/Vrådal vital	50		
Kviteseid næringslag	75		
Mjølkekvoter	127		2
Beplantning Kviteseid sentr, Brberg. Morgedal og Eidsto		25	20
Fjågesund grendelag, prosjekt		38	38
Varnelampe på brygga			
Innflyttartiltak			
Findalen IT senter			74
Lie sag			
Kurs sauedrift			10
Breiband fellessatsing i Vest-Telemark			
NM på ski Morgedal			25
Busslomme Brunkeberg			

Turistinfotavler			
Andre tilskot	397	138	309
Ansvar 4303 Næring og tiltak	884	763	947
Fotoprojekt	3		
Turistinformasjon, Kviteseid	40	70	70
Kv vekst (leige til tannlegeutstyr)	10	10	10
Haukelivegen A/S		15	15
Asfaltering Vrådal	25		
Ordførarkjede	20		
Sum andre ansvar	98	95	95
BRUK AV NÆRINGSFOND I DRIFT, DVS SKJEMA 1b	1 292	1 148	1 342
Vassverk Vrådal	500		
Sentrumsutvikling Vrådal		500	91
Monument Kviteseid sentrum	273		
Kviteseid sentrum	103	250	
Aksjar norsk bane			10
Domstolprosjektet 15 års avtale			
NAV kontor 10 års avtale			
Pakke for opprusting av kommunale vegar			
BRUK AV NÆRINGSFOND I INVESTERINGAR	876	750	101
TOTAL BRUK AV NÆRINGSFOND I ÅRET	2 168	1 898	1 442
Løyvd, men ikkje utbetala	136		
Totale utgiftsramme finansiert av fondet	2 304	1 898	1 442

Disponibel beholdning ved slutten av året er 2 681 000 kr. Det skuldast primært at Kviteseid Kommune har betalt tilbake 1 200 000 kr. Når det gjeld konsesjonsavgiftene som skulle bli etterbetala så har ikkje dei komme i 2007.

Grunnkapitalen i næringsfondet er 4 000 000 kr.